



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1864 - 15/36741

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
04.12.2015

Oversending av klagesak til endelig handsaming - Gbnr 190/2 Grøttveit

Saka gjeld

Klage på vedtak om avslag på mellombels bruksløyve for utleigeeining.

Partar

Klager og tiltakshavar: Trond Grøttveit v/advokat Mikkel Mundal.
Adresse: Trond Grøttveit, Sjosidevegen 128a, 5914 Isdalstø, gbnr 190/2.
Adresse: Advokat Mikkel Mundal, Hollendergaten 14, 5017 Bergen

Nabo: Magnus Grøttveit.
Adresse: Sjosidevegen 111, 5914 Isdalstø, gbnr 190/1.

Bakgrunn

Det var gjeve løyve til etablering av kjellarbustad den 22.10.2009. Byggeløyvet vart revidert den 18.12.2009 som følgje av seinare motteken dokumentasjon. Søknaden som vart godkjent, vart omfatta rivng av delar av eldre bustad og oppføring av ny bustad med to bueiningar samt andre mindre byggjearbeid.

Det er sett to vilkår for mellombelsbruksløyve for den nye eininga:

1. «Gjerdet mellom vegen og bygget, på vestsida av bygget må verte utført slik at sikta for dei som køyrer på vegen vert betra – alternativt at vegen byggast breiare i heile svingen rundt bygget, samt nokre 5 meter før og etter svingen. Tiltaket må verte utført før det vert gjeve bruksløyve på den nye bueininga.
2. «Vilkår frå vegmynde av 15.12.09., må vere stetta før det vert gjeve bruksløyve/ferdigattest.»

Til orientering er det gitt godkjenning av seks søknader om mellombels bruksløyve for hovudhusvære utan at ny tilkomst til eigedomen gbnr 190/2 er opparbeidd. Kommunen har stilt krav til at ny tilkomst til gbnr 190/2, skal opparbeidast før det gis mellombels bruksløyve for utleigeeininga.



Siste søknad blei motteke den 03.07.2015. For hovudeininga er det gitt mellombels bruksløyve til 01.09.2018. Bakgrunnen for at den lange forlenginga er at tiltakshavar, Trond Grøttveit, ved adv. Mikkel Mundal, den 30.06.2015, har kravd jordskifte for omlegging av privat veg-ny avkjørsel ved Midthordland jordskifterett. Jordskiftesaka kan trekke ut i ca. to år og det teke omsyn til at det er naudsynt å søkje nytt løyve og å byggje avkjørsla.

For utleigeeininga er det ikkje gitt mellombels bruksløyve.

Frå søknaden om mellombels bruksløyve av 23.12.2011, vilkår, pkt. 2, anna del, går det fram: «Det er ei føresetnad for å kunne gje ferdigattest for heile bygget, at ny tilkomst er opparbeidd i samsvar med tidligare gjevne byggjeløyve og i samsvar med dei krav som er stilt av vegstyresmaktene i saka».

Vedtaket er klaga på av advokat Mikkel Mundal på vegne av Trond Grøttveit i brev motteke her 15.10.2015 og 19.10.2015.

Klagen vart handsama av Plan-og miljøutvalet i møte den 02.12.2015, der Lindås kommune sitt vedtak datert 23.09.2015 vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følge.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Vi har lagt fram saksframlegg med vedlegg. Viss dere ønsker fleire opplysningar, ber vi om at dykk tar kontakt, sjå vedlagte oversikt.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Tone Furustøl på e-post: tone.furustol@lindas.kommune.no eller på telefon 56355878.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Oversikt over journalposter

Klage på vedtak om avslag på mellombels bruksløyve for utleigeeining - gbnr 190/2 Grøttveit

Forlenging av mellombels bruksløyve- gbnr 190/2 Grøttveit - hovudhusvære

Klage på avslag om forlenga mellombels bruksløyve - gbnr 190/2 Grøttveit - bustad

Klage på avslag om forlenga mellombels bruksløyve - gbnr 190/2 Grøttveit - Utleigeeininga/kjellarbustaden

Vedk klage på avslag om mellombels bruksløyve - gbnr 190/2 Grøttveit

Løyve til riving av eldre bustad og oppføring av ny bustad med to bueiningar. Gnr.1902. (L)(272208)

Vedrørande ny avkjørsle, Gbnr. 1902 (L)(272693)

Kopi til:

Kopi til:

Trond Grøttveit	Sjosidevegen 128	5914	ISDALSTØ
	a		
Magnus Grøttveit	Sjosidevegen 111	5914	ISDALSTØ
Advokat Mikkel Mundal	Hollendergaten 14	5017	BERGEN

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
--------------------------	---------------	------	--------